

ÅRSMØTE 2023 I NORMØRE FORSVARSFORENING (NF)

MØTEPROTOKOLL

Årsmøte i NF blei halde på Hammerstuene, Surnadalsøra, tysdag 21.02.23 kl. 13.00. 14 medlemmar av NF var møtt opp.

Møtestad: Hammerstuene, Surnadalsøra.

Etter velkomsthelsing bad leiar Olav Jostein Holten forsamlinga om å reise seg og minnst avlidne Johan K. Ørsal og Sjur Fedje med eit minutts stillhet. Ørsal var medlem i NF. Fedje har utført mange nyttige tenester for NF.

I starten av møtet framførte sekretær Johs. J. Vaag ei kortfatta 40-årsmedling for Indre Nordmøre forsvarsforening (INF), no Nordmøre forsvarsforening (NF).

Lars Jostein Bævre viste deretter bilder frå foreninga si verksemd. Han kommenterte også bilda.

Sak 1

Val av møteleiar.

Vedtak:

Olav Jostein Holten blei vald.

Sak 2

Val av sekretær

Vedtak:

Johs. J. Vaag blei vald.

Sak 3

Val av 2 medlemmar til å skrive under møteprotokollen.

Vedtak:

Ivar Jonas Nørbech og Ivar Edmund Vatten.

Sak 4

Årsmelding for 2022

Vedtak:

Styret i NF har i styremøte 21.02.23 fatta vedtak om at dei hadde to små merknader til den utarbeidde årsmeldinga. Merknadane var at på side 2, 3. avsnitt der det skulle stå namnet Bolstad i staden for Blomstad. Vidare skulle det på side 3, 4. avsnitt skulle det stå Grønsetfjøset i staden for Vinjefjordskroa.

Vedtak:

Årsmeldinga blir vedtatt slik den ligg føre med dei refererte merknader om endring av namn.

Sak 5

Rekneskap for 2022.

Styret har i styremøte 21.02.23 fatta vedtak om at dei ikkje hadde nokon merknader til den utarbeidde rekneskapen.

Rekneskapen for 2022 viste kr. 22.765,23 i sum driftsinntekter og kr. 27.845,93 i sum driftsutgifter. Kr. 5.080,70 i underskott blei driftsresultatet for 2022.

Rekneskapen var revidert og funne i orden av revisor Jan Gausen.

Vedtak:

Rekneskapen blir vedtatt slik den ligg føre.

Sak 6

Val

Det låg føre skriv frå valkomiteen kor det framkom at Johs. J. Vaag ikkje tok mot attval som sekretær etter å ha hatt dette tillitsvervet i 30 år.

Vedtak:

Styret fekk slik samansetting:

Leiar Olav Jostein Holten

Nestleiar Jo Inge Øverland

Sekretær Lars Indreiten

Kasserar Halvor Flatekval (Er på val i 2024)

Styremedlem Ivar Edmund Vatten (Er på val i 2024)

Varamedlemmar: 1. Lars Hønsvik og 2. Nils Johan Rodal.

Revisor: Jan Gausen

Valnemnd: Ivar Jonas Nørbech leiar, Per O. Moen og Astrid Sinnes.

Møte slutt kl. 14.00.

Under måltidet etter årsmøtet hadde leiar Olav Jostein Holten ordet og takka avtroppande sekretær Johs. J. Vaag for innsatsen gjennom 30 år, og overrekte eit fint bilde som gåve. Johs. J. Vaag takka for gåva.

Johs. J. Vaag

Sekretær

Underskreve av:

Ivar Jonas Nørbech

Ivar Edmund Vatten